



Osterfjorden ligg nær Bergen og er ein av dei vakraste fjordane på Vestlandet. Ei reise gjennom historisk landskap, frå dyrka strandlinje, gjennom trange sund og straumar mellom dei majestetiske fjella.

Osterfjord, near Bergen, is one of Western Norway's most beautiful fjords. This journey takes you through this historic landscape, with its cultivated shores, narrow inlets and majestic mountains.



Modalen kommune er den nest minste i Noreg, med eit folketal på ca. 340. Naturressursar er det rikeleg av. Her kan du vandra i gammalt kulturlandskap og sjå korleis livet til fjells og stølsdrifta var i gamle dagar. Sandgruve drift og jordbruk har vore og er dei viktigaste næringsvegane i kommunen og kraftutbygginga er svært viktig for kommuneøkonomien. Frå Modalen blir det eksportert lys og varme nok til å dekkja 10% av straumforbruket i Bergen.

Modalen district is Norway's second smallest local authority, serving a population of 340. The district is rich in natural resources. You can wander through the historic agricultural landscape, getting a glimpse of mountain farming life in the old days. The district's main industries remain agriculture and sand quarrying, while hydro-electric power is also vital to the local economy. Modalen district generates 10% of the electricity used in Bergen.



Vaksdal kommune grensar til kommunane Modalen, Bergen, Voss, Kvam, Osterøy og Samnanger. Jordbruk er ein viktig næringsveg. Men Vaksdal er først og fremst industrikommune. Her starta utbygginga av fossefalla og industrireisinga tidleg i dette hundåret.

Vaksdal district is bordered by Modalen, Bergen, Voss, Kvam, Osterøy and Samnanger districts. Agriculture is an important industry, but Vaksdal is primarily a manufacturing district. Hydro-electric development and industrialization started in the early 20th century.



Osterfjorden.

Foto: Sveinung Klyve

Avstander/distances:

Bergen-Knarvik	28km
Knarvik-Mo	55km
Mo-Steinsland	20km
Mo-Dale-Bergen	100 km
Voss-Dale-Mo	72km
Dale-Mo	39km

Reiserute

Følg E39 nordover frå Bergen, over Nordhordlandsbrua til Knarvik og vidare langs Osterfjorden til Romarheim.

Ta av til høgre på Rv569 til Modalen. På vegen mot kommunesenteret Mo køyrer ein forbi Mostraumen og fjellformasjonen «Slottet».

Frå Mo sentrum (1) kan ein setja kursen 25 km oppover dalen til Steinsland. Ta gjerne ein avstikker på Øvre Helland til fjelldalen Nygard, kor lyrikaren Olav Nygard (4) vaks opp.

Route

Head north from Bergen on E39, over the Nordhordland Bridge to Knarvik and on up the Osterfjord to Romarheim.

Turn right on Rv569 to Modalen. En route to Mo, the district's administrative centre, you pass Mostraumen (estuary) and the rock formation called Slottet ('the castle').

From Mo village (1), head up the valley for 25km to Steinsland. At Øvre Helland, you might like to make a detour to Nygard, the mountain valley where the poet Olav Nygard (4) grew up.

Just before Steinsland, turn right on BKK's access road (2), which takes you right up into the Stølsheimen mountains (3). Please note that you use this road at your own risk. See Walk 60C.

Returning, turn left on Rv569 before Mo village and head through the 3.4 km tunnel to Eksingedalen (5), from where the road winds downhill



Lette og merka fotturar. Eigne kartskisser og informasjon for kvar tur

Easy and marked walks. Especially designed maps and information to each walk

Ta til høre like før Steinsland inn på BKK (2) sin anleggsveg som førar ein «heilt opp i Stølsheimen». (3) (Merk: Du køyrer på eige ansvar). Sjå fottur 60C.

Tilbake, før Mo sentrum, ta til venstre inn på Rv 569, gjennom den 3,4 km lange tunellen til Eksingedalen (5) Herfrå snirklar vegen seg gjennom frodig natur nedover mot Eidslandet (6). Langs Eidsfjorden går turen vidare på gamal og delvis ny veg gjennom handhogde tunnellar. Legg merke til laksegiljene (7) og Hesjedalsfossen (8).

Vidare til Stamnes (9), på smal veg til Straume (10), over brua (11) og til Dalseid. Her inn på E16 til høre mot Dale (12), forbi Vaksdal (13), Trengereid og til Bergen.

Stader og ymse av interesse:

(1) **Mo sentrum** ligg ved Mofjorden med post, bank, butikk og fin badeplass(strand). Mo kyrkje frå 1883 er verd eit besøk. Her er overnatting og servering.

(2) **BKK**, Bergenshalvøens Kommunale Kraftselskap, har stått for kraftutbygging i Modalsfjella. Anleggsvegane i dalen byr på ville naturopplevingar der dei tek ein heilt opp i høgfjellet til storslått utsikt.

(3) **Stølsheimen**, eit høgfjellsområde i kommunane Høyanger, Masfjorden, Modalen, Vaksdal, Vik og Voss. Tidlegare nytta stølsområde og derav namnet. Flott turområde med hytte- og løypenett i regi av Den Norske Turistforening. På Straume finn ein utgangspunkt for organiserte fjellturar med lokalkjent guide. Høve for overnatting i eige hus.

(4) **Nygaard** ligg i ein sidedal til Modalen. På ein gamal fjellgard finn vi lyrikaren Olav Nygaard (f.1884) sin fødestad.

(5) **Eksingedalen** går langs elva Ekso frå Eidslandet til Gullbrå. Vegen stod ferdig etter siste krig etter ei byggjetid på 101 år. Legg merke til dei flotte fossane. Sau- og geitedrift pregar jordbruket i denne grøne dalen.

(6) **Eidslandet** ligg ved Eidsfjorden nederst i Eksingedalen. Nede ved kaien ligg butikk og overnattingsstaden Fjordtun.

(7) **Laksegilje** er ein gamal fangstmetode der fiskaren sat i timevis i ei lita hytte på toppen av gilja og venta på storfangsten.

(8) **Hesjedalsvassdraget** er det einaste vassdraget av noko storleik i Vaksdal som ikkje er utbygd. Hesjedalsfossen har 70 meter fritt fall. Rasteplass like ved, gå gjerne nedanfor vegen og sjå den flotte steinbrua som fossen kjem inn under.

(9) **Stamnes** var tidlegare senter for sandfarten på Osterfjorden. Det ligg framleis båtar her som tydar på aktivitet den dag i dag, om enn i mindre omfang.

(10) **Straume**. Straumen har vore sjølv grunnlaget for busetnad, næringsliv og samferdsle frå dei eldste tidene. For meir enn 6000 år sidan kom fangstfolka og fann seg livd under *Skipshellaren*. *Kaldestadstova*, *stavnausta* og *skulemuseet* gjev eit nærbilete av daglegliv og byggjeskikk i seinare hundreår. Her finn ein og delar av **Dyviksamlinga**, ei privat-samling som omfattar alt frå våpen til bunadsylv og tekstilar.

(11) **Skipshelleren** er ein av dei mest kjende steinalderbuplassane i landet; utgraven i 1930-31. I den opptil 2 meter tjukke avfallsdynga fanst det store mengder reiskap, både av stein og bein, og det vart samla inn 175 000 beinfliser. Desse fortel ei spennande soge om det som gjekk føre seg attmed bergveggen ved Austrestraumen, 7000 år attover i tid. Omlag 10 min. å gå frå parkering. Skilt ved brua.

(12) **Dale**, kommunesenteret i Vaksdal kommune er bygd opp omkring hjørnesteinsbedriftene Dale A/S og Dale Garn & Trikotasje A/S. Sistnemnde har eige fabrikkutsal, kor bl.a. dei kjente VM- og OL-gensarane kan kjøpast. Dale har eit kraftmiljø tilbake frå 1920-åra. I den gamle klosterliknande bygninga frå 1927 har Bergenshalvøens Kommunale Kraftselskap, BKK bygd opp eit energisenter, som gjev eit levande innblikk i temminga av fossekraft og utnyttinga av ulike former for energi.

(13) **Vaksdal** er bygd opp omkring Vaksdal Mølle, som er den eldste mølla i landet. Den eldste bygningen her, som er freda, er bygd av teglstein i svært forseggjort arbeid.

through lush countryside to Eidslandet (6). Alongside the Eidsfjord, the road is a mixture of old and new sections, with hand-built tunnels. Stop to admire the ancient salmon traps (7) and Hesjedalsfossen waterfall (8).

Continue to Stamnes (9), follow the narrow road to Straume (10), cross the bridge (11) and head for Dalseid. Turn right here on E16 towards Dale (12), Vaksdal (13), Trengereid and Bergen.

Places of interest and attractions:

(1) **Mo village**, beside the Mofjord, has a post office, bank, shops and a lovely beach for bathing. Mo church (1883) is worth visiting. Accommodation and restaurants.

(2) **BKK**, the Bergen regional electricity company, is responsible for the hydro-electric schemes in Modalen. The access roads take you right up into the mountains, offering magnificent views and unspoilt scenery.

(3) **Stølsheimen** is a mountain range straddling the borders of Høyanger, Masfjorden, Modalen, Vaksdal, Vik and Voss districts. The Norwegian name indicates its former use as a summer pasture area. A great place for hiking, with hostels and tracks provided by the Norwegian Mountain Touring Association (DNT). Organised mountain walks with an expert local guide start from Straume. Cabins available for overnight stays.

(4) **Nygaard** lies in a side valley off Modalen. The poet Olav Nygaard was born in 1884 on a mountain farm here.

(5) **Eksingedalen** is the valley of the river Ekso between Eidslandet and Gullbrå. The road took 101 years to build, finally being completed after the Second World War. Notice the many fine waterfalls. Sheep and goat farming predominate in this lush valley.

(6) **Eidslandet** stands at the head of Eidsfjord. Shop and guest house (Fjordtun) next to the pier.

(7) The **salmon traps** are an ancient fishing method. The fisherman would sit for hours in a small hut above the traps, waiting for a big catch.

(8) **Hesjedalsvassdraget** is the only sizeable river system in Vaksdal district which has not been developed as a hydro-electric scheme. Hesjedalsfossen waterfall plummets from a height of 70 m. From the adjacent lay-by you can walk down to the fine stone bridge spanning the falls.

(9) **Stamnes** used to be the centre of the Osterfjord sand traffic. Boats continue to use the harbour, but not to the same extent.

(10) **Straume** (meaning estuary) has been a centre of population, industry and transport since ancient times. More than 6,000 years ago, Stone Age hunters settled beneath *Skipshellaren*. *Kaldestadstova*, *Stavnausta* (stave boathouse) and the *School Museum* provide a picture of daily life and building techniques in more recent history. The village also houses part of the **Dyvik Collection**, a private collection containing everything from weapons to traditional costumes and textiles.

(11) **Skipshellaren**, one of Norway's most famous Stone Age sites, was excavated in 1930/31. The rubble, 2m high in places, was found to contain many tools, both stone and bone, and 175,000 bone fragments were collected. These tell a fascinating story about life beneath this rock face at Austrestraumen 7,000 years ago. 10 minutes' walk from car park. Signpost at bridge.

(12) **Dale**, the administrative centre of Vaksdal district, developed around the factories of Dale A/S and Dale Garn & Trikotasje A/S. The latter has a mill shop selling the famous Olympic sweaters and other knitwear. Dale power station was built in 1927 and now houses an Energy Centre telling the story of hydro-electric power and energy utilisation.

(13) **Vaksdal** is built around Vaksdal Mill, Norway's oldest mill. The oldest building, now listed, is painstakingly built of brick.